



Ingar Kiplesund på Haugland saman med foreldre og bestemor.

Norsk friidrett opplever ei blomstringstid. Nye, unge utøvarar dukkar opp og presterer oppløftande resultat. Eit av dei verkeleg store talenta er den 19 år gamle trøndaren Ingar Kiplesund. Han har hatt ein strålende sesong. Sist helg sikra han sitt første gull i senior-NM. Denne veka ferierer han nokre dagar i Uskedalen før han satsar på meir gull under junior-NM i Brandu til helga.

Sjølv om han er Noregsmeister, er Ingar Kiplesund ein fersk lengdehoppar. Fram til han var 14 år dreiv han med forskjellige idrettar som fotball, ski og symjing. Det var under VM i Berlin i 2009 han fekk sansen for friidrett. Han googla Trondheim og friidrett, og resultatet var at han snart var i gang med allsidig friidrett. Det vart eit par år med fotball og friidrett, men då han byrja i 10.klasse, måtte han gjera eit valg.
 - Fotball var og gøy, men eg var vel for egoistisk for fotballbanen, fortel Ingar Kiplesund med glimt i auge der han sit godt plassert i sofaen hos bestemor Margot Haugland i Uskedalen, før han legg meir alvorleg til.
 - Eg trivest med at resultatata er målbare. Det gjev meistringsfølelse, og det er viktig for motivasjonen. Dessutan er det jo inspirerende å sjå at eg er best i Norge. Eg er også del av ei flott treningsgruppe med gode utøvarar i Trondheim friidrett.

- Ja, vi er imponert over korleis han heile tida held motivasjonen for trening oppe, legg foreldra Hildegunn(f. Haugland) og Svein Olav Kiplesund til.

Ingar er også full av lovord om trenaren Frank Brissach som også var den som pensa han inn på øvingane lengde og tresteg for 5 år sidan. Denne sesongen trenar dei berre for lengde.

- Han stiller høge krav, men dei er alltid realistiske. Han har ein god magefølelse, og eg høyrer og trur alltid på han. Han er ein veldig god motivator, seier den ferske Noregsmeisteren om den erfarne trenaren som i si tid var ein del av trenerteamet rundt OL-vinnaren Vebjørn Rodal.

Talentet har heile tida vore tydeleg. Framgangen har kome. I 2012 hoppa han for første gang over 7 meter då han vann Världssungdomspelen i Göteborg med 7,10. Siste året har han verkeleg teke eit jafs. Personen er

blitt flytta frå 7,39 til 7,76, og han er blitt imponerende stabil på lengder over 7,50. Det har resultert i at han mellom anna har slått både bronsevinnaren frå EM i år, og ein italiener med VM-sølv frå tidlegare meisterskap. I og med at han no er best i Norge, må han konkurrera mykje utanlands for å få motiverande og utviklande konkurranse. Treningsleirar vert det også utanlands.

- Sist vinter hadde vi ein flott treningsleir i Sør-Afrika på 14 dagar, fortel han om det. Der var den tidlegare høgdestjerna Håkon Särblom(2,34) trenar.



Bestemor Margot med den velfylte samlepermen og Ingar med piggskoa han bruka då han hoppa over 7 m for første gong.

Medan vi har site og preika, har bestemor Margot funne fram ein velfylt ringperm og andre effektar frå karriera til barnebarnet. I permen er det mange kjekke avisutklipp og bilete frå desse fantastiske friidrettsåra. Det siste som er kome på plass, er startnummeret han hadde på Askøy då han vann sitt første NM-gull. Rørande vart det då Margot viste fram ei treningsjakke mannen Hilmar arva frå barnebarnet, etter at han vart sjuk.

- Den gjekk han ofte med. Han var jo så interessert i friidrett i utgangspunktet, og for han var det noko ekstra å følgja med på Ingar si utvikling, seier Margot medan alle rundt bordet tenkjer på den sterke sesongen Ingar har hatt etter Hilmar døydde.

-Eg tenkjer faktisk på at dette skulle bestefar fått opplevd når eg presterer godt på stemne, seier Ingar med gode minne om den interesserte bestefaren.

Ingar har nyleg avslutta 4 år på toppidrettsgymnas i Trondheim. Det komande året vert det lagt opp slik at han skal kunna satsa på friidretten. Han skal ta eit års studium i pedagogikk, jobba litt og trenar. Med treningsleirar på 3-4 veker er tirettelegging viktig. Sportslege mål for komande sesong er sjølvstøtt viktige. Innandørs-EM, student-OL i Taipei og U23-EM er tre heilt naturelege mål.

- I tillegg kan VM i London vera ein mulighet. Med kvalifiseringskrav over 8 m skal det godt gjerast, men det kan vera ei gulrot, legg den ambisiøse lengdehopparen til.

Eit klart mål er det i alle fall å verta neste, og dermed andre nordmann, over 8 m. Det er på tide at den 43 år gamle norgesrekorden til Kristen Fløgstad på 8,02 vert sletta. Ingar er den som er kapabel til å gjera det!

På lengre sikt er OL i Tokio i 2020 eit naturleg mål med ei kvalifiseringsgrense på 8,15.

- Vi har sagt at hvis han kvalifiserer seg til OL, skal eg og Svein Olav vera på tribunen, seier Hildegunn. Eg trur mulighetene for Japantur om 4 år er stor.

Eg ønskjer i alle fall lukke til både i NM for junior til helga og i andre større konkurransar som kjem. Det vert spennande å følgja med.

Eit litt artig tillegg: Ingar er firmenning til mellomdistansetalentet Sindre S. Omvik som deltok i NM og fotballtalentet Harald Nilsen Tangen som er i søkjelyset til Bayern München.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.